

Retningslinjer for tildeling av kulturstipend

1. Føremål

Føremålet med kulturstipendet er å premiere oppnådde resultat og stimulerer kulturutøvarar til vidare utvikling/utdanning/satsing.

2. Kulturstipendet kan gjevast til:

- Stipend kan gjevast til einskildpersonar eller gruppe av personar som har gjort seg bemerkia innanfor si kulturgrein.
- Stipendmottakar må vere busett i Fjord kommune.
- Kandidatar mellom 12 og 25 år vil bli prioritert.

3. Søknad

Søknaden skal innehalde informasjon om kulturell aktivitet og oppnådde resultat

4. Kunngjering

Kulturstipendet skal annonserast gjennom lokalavisa og på kommunen si heimeside og facebookside. Enkeltpersonar, organisasjonar og formannskapet kan kome med forslag på kandidatar. Utøvarar kan også søke sjølv. Kulturstipendet kan delast ut kvart år. Formannskapet avgjer *om* stipendet skal delast ut, og kven som skal få.

5. Prisen

Kulturstipendet er på kr 5.000 i tillegg til diplom. Formannskapet har ansvar for utdelinga ved eit passande høve.

6. Offentleggjering

Det skal ikkje offentleggjerast kven som er kandidatar eller kva utfall avrøystinga mellom kandidatane fekk.

